 Øksendal kyrkje kl. 20:00 Familiegudsteneste. 4-årsbok. Hvam. Jubilate deltek. Takkoffer Det Norske Bibelselskap.  
 Øye kyrkje kl. 11:00 Myldregudsteneste for 3 åringar.  
 Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Inga gudsteneste.  
 Øre

**DØYPT — VIGDE — DØDE****Døypete****HALSA**

26.10 Martin Gärtner Sørлие,  
 døpt i Dolstad kirke

**RINDAL**

19.10 Jenny Grøtan  
 19.10 Ailo Sæter  
 19.10 Daniel Løset  
 26.10 Linnea Møkkelgård  
 09.11 Teodor Helgetun

**ROMFO**

28.09 Mons Traaseth Mæhle

**HOV**

28.09 Simon Kristoffer Langseth  
 28.09 Eirik Tronsgård  
 05.10 Tobias Holten  
 12.10 Jonas Innvik  
 26.10 Nora Bersås Sæter  
 26.10 Mari Valset Meek  
 01.11 Magnus Gran Tidemann  
 09.11 Sigve Aram Schaanning

**ØKSENDAL**

28.09 Tiril Ranheim Sæther  
 25.10 Olav Jørgen Thorshov Simonhjell  
 25.10 Asta Thorshov Simonhjell

**ÅLVUNDEID**

02.11 Niklas Oldervik Molnes

**ØYE**

05.10 Åsmund Humberset

**RANES**

19.10 Maya Andreassen Børset

**STRAUMSNES**

19.10 Viljar Oleson Rakstang

**TINGVOLL**

26.10 Markus Waagen

**ØRE**

05.10 Erika Grønset  
 26.10 Tore Tinius Jacobsen Glæstad, døypet  
 i Angvik bedehus.  
 09.11 Philip Ulset Høyem  
 GJEMNES  
 26.10 Syver Syltesæther Hatteland

**Vigde****STANGVIK**

11.10 Liv Irene Værholm Markussen  
 og Bjarne Røen

**ØKSENDAL**

25.10 Jorunn Kristin Simonhjell  
 og Tarald Thorshov

**ØYE**

17.10 Solfrid Rodal og Jan Olav Svendsli

**Døde****HALSA**

11.11 Astrid Baarset f. 1937

**VALSØYFJORD**

10.10 Eline Gillebo f. 1926  
 21.10 Anton Sveen Haugen f. 1922

**RINDAL**

17.10 Helge Oddmund Eriksen f. 1920  
 23.10 Nils Halgunset f. 1929  
 29.10 Borghild Foseide f. 1917

# Lyset i verda

Andakt av biskop Ingeborg Midttømme

**Nå tennes tusen julelys på jorden mørk og kald, Og tusen, tusen stråler og i himlens høye hall.**

(Emmy Köhler i Salmer 1997 nr.7)

Haustmørket vert brote når vi kveikjer mengder av lys i tida kring jul. Stemningsfullt speglar det ei forventning. Samtidig er lyset meir enn ei stemning. I kyrkja tenner vi lyset som eit teikn på at Gud er til stades. Mange av kyrkjene våre har ein lysglobe eller ein annan stad vi kan tenne lysa våre i ettertanke, takk og bøn.

I den kyrkjelyden eg tidlegare var prest, innbaud vi kvart år til ein juletefest. Vi starta alltid festen med ei vandregudstene i kyrkjeromet. Då opplevde eg at ein godt vaksen far kom bort til meg og sa: "Eg hugsar korleis det var då eg gjekk rundt her og bar jenta vår til dåpen. Du hugsar det sikkert du også, for det var jo du som døypte henne. No går ho her framme og syng."

Då ho vart døypt, vart dåpslyset hennar tent – saman med lovnaden frå Jesus: "Eg

er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørket, men ha livsens lys." (Joh.8.12)

Denne faren var tydeleg rørt og glad. 5 år tidlegare leidde han henne til trua – til Jesus. No leier ho han til barnekorøving i kyrkja kvar veke, og gjennom songen får trua på Jesus næring.

Vi har alle kvar vår historie om kven som har leidd oss til Jesus og om korleis livet leidd av han er. Kanskje vi i denne førjulstida skulle dele noko av dette med kvarandre? Er det ikkje dette vi djupast sett er kalla til å gjere på ulike måtar? - leie andre til Jesus og sjølve la oss leie til han. Skal tru om ikkje takksemde og gleda ville få gode kår midt i at vi er sårbare? For meg er det ein måte å beskrive korleis livets lys skin inn i mørket og sprengjer det. Frå mitt eige liv veit eg godt at det er situasjonar der berre Jesus er den som har nådd inn til meg og kasta eit nytt lys - sitt lys – over livet mitt, over det eg har streva med, og løyst meg frå det.

Tankane mine går i denne førjulstida til alle som av ulike grunnar ikkje gler seg til jul. Det kan være uro eller sorg over for første

gang å skulle feire jul utan ein som stod deg veldig nær. Eg vonar lysa som vert kveikte i denne tida, kan vere eit teikn på Guds nærvær og sprengje mørket ditt.

Gjennom åra mine som prest har eg gong på gong sett korleis menneske har blitt leidde til Jesus og deretter møter kvardagen sine mange utfordringar på ein heilt annan måte; med tryggleik midt i alt som er frykteleig og usikkert. Eg har sett at det Jesus seier, framleis er sant: "Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørket, men ha livsens lys."

*Du stjerne over Betlehem, å, la ditt milde skinn få lyse inn med håp og fred til hvert bedrøvet sinn.*

*I hvert et hjerte kaldt og mørkt, send du en stråle blid, en stråle av Guds kjærlighet i signet juletid.*  
(Emmy Köhler i Salmer 1997 nr.7)

Med ønske om ei velsigna juletid  
frå Biskop Ingeborg

## Gud og fellesskap

Konfirmantene fra Halså, Rindal, Stangvik og Surnadal fikk undervisning om "Gud og fellesskap" da ungdommer fra Roadservice var på besøk 2. november. Det handlet både om fellesskap oss mennesker imellom og om fellesskapet med Gud. Gud ønsker fellesskap med oss, derfor sendte han Jesus til jorda.

"Verden er urettferdig". Noen av konfirmantene fikk en konkret illustrasjon på det. Ungdommene fra Roadservice hadde klare utfordringer til konfirmantene. Vi kan alle gjøre noe for at verden skal bli litt mindre urettferdig. Vi kan kjøpe Fairtrade-varer og delta i fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Konfirmantene kunne også delta på en underskriftskampanje mot urettferdig gjeld. Mange u-land betaler på store lån

som diktatorer har tatt opp og brukt på unyttige prosjekt.

Det var omtrent 80 konfirmanter som var samlet på Torshall denne ettermiddagen/kvelden. Etter to undervisningstimer, var det duket for konsert. Rindal ungdomskor og The Battery var oppvarmingsband for Roadservice.

Kvelden ble avsluttet med pizza og SingStar. Det så ut som begge deler falt i smak hos konfirmantene.

Roadservice består av 7 ungdommer som reiser rundt i hele landet og dette er et samarbeid mellom Agder og Telemark



Roadservice på scenen. Foto: SB.

bispedømmeråd, Kirkens Nødhjelp og Skjærgårds Music & Mission.

Synnøve Bjørndal

Forts. fra s.7

### STANGVIK

18.10 Gudrun Julie Søyseth f. 1912  
09.11 Gunnvor K. Nordvik f. 1922

### ROMFO

22.10 Anne Gunvor Arnesen f. 1917  
HOV

28.09 Ottar Krangnes f. 1932  
15.10 Oddmund Sæter f. 1939  
22.10 Odd Leif Ødegård f. 1927

### ØKSENDAL

08.10 Emil Olav Husby f. 1924

### ÅLVUNDEID

03.10 Sverre Strand f. 1925  
13.10 Eiliv Brynjulv Sandbukt f. 1936  
30.10 Sofie Almberg f. 1926  
31.10 Steinar Furre f. 1948

### ØYE

20.09 Odd Aarnes f. 1930  
20.10 Karen Reiten f. 1914  
12.11 Eldbjørg Bæverfjord f. 1931  
13.11 Maria Aune f. 1921

### RANES

13.11 Odd Bjarne Flatset f. 1969

### STRAUMSNES

26.10 Elen Bertine Kamsvåg f. 1917

31.10 Mali Aspsæter f. 1929

### TINGVOLL

01.10 Ingrid Myklebust f. 2008  
30.10 Arne Dagfinn Reitan f. 1958

### ØRE

10.10 Borghild Oline Endresen f. 1920  
10.10 Irene Heggem f. 1924  
11.10 Sonja Karin Mathisen Endresen f. 1953

12.10 Johan Lage Vaagbø f. 1913

14.10 Tore Torvik f. 1924

### GJEMNES

01.10 Martin Fredrik Bae f. 1923  
09.11 Lillian Anette Aspen f. 1916





# HALSÅ

Halså - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge:  
 kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halså kirke

## Konfirmasjonsleir Mjuklia 2008

Vi hadde det kjempemorsomt på konfirmasjonsleir. Vi ble kjent med mange andre folk og vi hadde det kjekt sammen med dem. Det var veldig mange forskjellige aktiviteter som man kunne delta i, og det vi synes var best, var samhandlingsløypa. Der var vi avhengige av hverandre og løypa var en stor utfordring, men vi mestret den med glans.

Mary-Anne og Britt Astrid

Foto:  
Sigfred  
Gravvold.



## Deilig er jorden

**Internett kan brukes til så mangt. Silvio Krauss fant en stor artikkel om Bernhard Severin Ingemann som blant annet har skrevet "Deilig er jorden". Vi tar her med et utdrag av artikkelen, men den kan leses i sin helhet på nettet på adressen: <http://home.no.net/stig11/sas/ingemann.html>**

Bernhard Severin Ingemann ble født 28. mai 1789. Han vokste opp i idylliske omgivelser på Torkildstrup prestegård på Falster, og i trygg tillit til barnetroen fikk han en lykkelig og ukomplisert oppvekst. Det var disse gode barneårene han ofte vendte tilbake til i diktningen sin, og som gjorde han til en yndet forfatter.

Nyttårskvelden 1799 døde hans far. Ti år senere døde mora, dernest døde den ene broren, og få år deretter mistet han også alle de tre andre brødrene sine. Tuberkulosen gjorde store innhogg i mang en familie den gangen. Tilbake satt Bernhard Severin, ute av balanse, og ute av stand til å se noen redning. Han gikk latinskolen. Senere ventet studentlivet i København, og gradvis mistet han også barnetroen. I stedet opplevde tenåringsstudenten krigens redselsfulle scener på nært hold da engelskmennene bombarderte København.

To hendelser var avgjørende for at han kom ut av forvirringen og sjelekrisen. For det første fant han igjen barnetroen. Sorgen og sjukdommen drev han til å søke Gud, og han fikk den trøst han ba om. Etter det holdt han fast ved sin enkle gudstro livet ut. Den andre befriende begivenheten var at han ble lykkelig forelsket i ei jente. Rett nok hadde hennes velstående fader store innven-

ninger mot å få en fattig og halvt forvirret dikterspire til svigersønn, og han krevde at turtelduene måtte vente på hverandre i ti år for at han skulle gi sitt samtykke. Ventetiden benyttet Ingemann til å dikte.

Da ventetiden var over, kunne han sammen med sin etterlengtede brud flytte inn i "den gule dikterboligen" ved Sorø sjø på Sjælland. Han skrev seg inn i hjertene til et helt folk. Ingemann ble den mest leste dikteren Danmark noen gang har hatt.

I 1848 ble landet viklet inn i en ny krig. Etter en krig som varte i nærmere tre år, gikk danskene seirende ut av kampene.

Fredssommeren 1850 ble en av de lykkeligste i Ingemanns liv. En kveld fikk han besøk av sin gode prestevenn fra nabolandsbyen Lyngby, Ferdinand Fenger. Pastoren var en av foregangsmennene for folkesangen i Danmark.

Denne kvelden hadde han med notene til en melodi som han hadde funnet i et tysk blad. Av en merknad gikk det fram at tonen var en gammel korsfarersang med ukjent opphavsmann, og trolig skrev den seg fra 1200-tallet. Men da Ferdinand Fenger stemte i, med sin datter ved klaveret, hadde Ingemann forestillingen om at det var en pilegrimssang han hørte, og mens tonene fylte stua, så han for seg gamle korsfarere syngende på sin vei mot Det hellige land. Han lot seg rive med, og hadde vanskelig for å finne ord. Men Fenger kom ham til unnsetning. "Det duger ikke med tysk", sa han, "skriv noen vakre danske ord til denne

vidunderlige melodi." Ingemann ble gående noen dager og tenke før han fikk det til å løsne. Pilegrimsmotivet måtte være med, men etter krigen som danskene hadde lagt bak seg, hadde han også lyst til å flette inn noen fredstanker. En kveld sto han ved det store stuevinduet sitt og nøt utsikten over den vakre Sorø sjø. Fuglene sang, sola hang rød i vest, idyllen var gjenopprettet. "Deilig er jorden", nynet den aldrende mannen der han sto, og han visste at han hadde funnet åpningsordene. Da han en stund senere på kvelden tilfreds reiste seg fra skrivebordet, sa han til kona: "I morgen skal Fenger få synges salmen på sitt eget språk." Melodien hadde fått sine "vakre danske ord".

Også denne teksten ble Ingemann kritisert for. Jorden er ikke deilig, den er tvert imot blodig, hamret dommerne. Igjen hadde mannen gitt et altfor idyllisk bilde av tilværelsen. "Oss er i dag en Frelser født", slutter sangen - og det var dette faktum som både ga håp, og som gjorde jorden deilig, mente Ingemann. Bedre enn de fleste visste han at tragediene rammer, og at de rammer hardt, både for den enkelte og hele folkeslag. Og få var mer sorgtyngt enn han over at Guds vakre jord stadig ble blodstenket. Men vi kan ikke dømmes skaperverket ut fra det menneskene har gjort med det. Jorden skulle etter Guds mening være et deilig bosted, og den er blitt det, fordi et gledens budskap har kommet til oss: "Dere er i dag en Frelser født".

Kilde: "Det var midt i julenatt - historiene om hvordan våre kjente og kjære julesanger ble til" (8247601532), Oddgeir Bruaset



# SURNADAL

Øye - Mo - Ranes

Kyrjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund  
 @surnadal.kommune.no  
 Biletet: Raness kyrkje - Stangvik kyrkje



## ”Søt juletid” igjen!

Arne Dagsviks flotte og – med rette – populære kantate ”I denne søte juletid” blir atter å høre! Fredag 19. desember vil Todalskoret, Åsskard Kyrkjekor, medlemmer av Bøfjorden Mannskor og musikarar framføre den i Åsskard kyrkje (kl. 18) og i Todalen kyrkje (kl. 21).

Som typisk kantate (”syngestykke”) inneheld verket vekslande satsar for kor, solistar og orkester med tekstleg heilskap. Den raude tråden i dette tilfellet er vårt kjære juleevangelium - i bibelsitat og inderlege salmar av Kingo, Brorson, Landstad og fleire.

Men våre lokale artistar går eit skritt vidare: Dei er sceneaktørar og gjer kantaten til ein liten jule-opera. Gjetarane sit ved bålet, ”stirrer i natten ut og lenges til dagens komme”. Engelen Gabriel kjem til Maria med ”bud fra englekor, at Gud han ned vil stige”. Alle samlast rundt barnet i krubba, og evighetshåpet blir tent: ”Vårt fattige Halleluja med salig fryd istemmes da av englers millioner”. Så løftar hjartet ”sin gledes vinge”, og mennesket blir så inspirert til å ”bruke all sin kunst og flid Guds nåde å opphøye” at det trassige, umistelege håpet atter får tone ut: ”Nå er det fred på jorden!”

Bruken av kostymer og sceneutstyr er moderat. Likevel vil kyrkerommet denne gong sleppe til lyset, fargane og rørsla som opplevings-element saman med tonane og orda.

Utanom dette musikkalske juledramaet blir det sjølvsagt også rikeleg med vanlege juletonar – både å lytte til og å syngje med i – for den som finn vegen til Åsskard og Todalen kyrkjer fredagen før jul!

Bernt Bøe



Frå ei tidlegare oppføring av kantaten i Åsskard kyrkje.

Foto: BB

## Englesong på sjukeheimen

Det er tradisjon at barnekoret Jubilate syng for dei som bur på Sjukeheimen i Surnadal Lucia-dagen. Alle som kan krypa og gå eller køyrast fyller da vestibulen til Luciafest. (Biletet er frå i fjor. Foto: ERE)



## Ny CD med Jubilate

- Vi syng med takk og glede! syng barnekoret Jubilate og lever opp til både namnet sitt og teksten i songen. Den nye CD'en deira er full av nettopp jubel og songglede.

- Vi ønskjer å formidle det spontane,

gleda i barnesongen, både når vi opptre til vanleg og på denne plata, seier kantor Oddveig Helset Halle. Sidan 1995 har ho leia Jubilate, som forgjengaren Gunnar Vik starta i 1978.

- Opptaka gir faktisk ei aha-oppleving! seier Oddveig. Kommentaren blir ofte: - ”Syng vi så fint?” Det er jo sjeldan at koret får høre seg sjølv, og dirigenten sit ofte og spelar til. Eg må innrømme at glede strømmar på når eg hører desse vakre barnestemmene!

Saman med barna har ho lagt mykje arbeid i å skape atmosfæren som trengst til eit godt musikkprodukt. Mange som hører plata, vil seie at dette har lykkast. Koret kjem til å

glede mange denne jula.

- Sjølv sagt skulle vi alltid hatt meir tid til å finpusse songane. Men det er artig å formidle dette i lokalmiljøet no. Med innsatsen som ligg bak, fortener dette å bli gjort synleg. Kanskje blir det enda fleire som får lyst til å vere med, når dei får sjå og høre kva Jubilate syslar med!

Programmet på plata er delvis frå den gamle songskatten attåt salmar som høver godt for dei yngste. Eit par instrumentalinnslag er også med. Oddveig trakterer både piano og orgel.

- Kanskje kan CD'en vera ei fin helsing frå fadderar til bursdag, dåpsdag og i det heile som julegåve, foreslår den dyktige kantoren og songpedagogen og håpar at alle som kjøper plata, også blir glade av å høre dei glade og velklingande barnestemmene i Jubilate. Viss nokon ønskjer å kjøpe CD, kan dei ta kontakt på kyrjekontoret.

Bernt Bøe



Jubilate på trappa til Øye kyrkje. (Foto: Sigfred Gravvold)



# STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



# RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
 Telefaks 71 66 47 01  
 E-post kirkeverge:  
 ingeborg.nordlund  
 @rindal.kommune.no  
 Bildet: Rindal kirke

## Lysglobe

På allehelgensgudstenesta 2. november kunne kyrkjelyden i Mo ta i bruk ny lysglobe. Det er Ingebrigt L Moen som har laga og gjeve globen som ei gåve til Mokyrkja. Det var soknerådet ved Paula Ranestad som i si tid tok initiativ til å få laga ein lysglobe til kyrkja si og dei er svært glad for at den no er på plass.

Lysgloben som Ingebrigt L Moen har laga er godt tilpassa interiøret i Mo kyrkje.

Foto: ERE.



## Omfattande reparasjonsarbeid i Mo kyrkje

Råteskadar i tårn og spir gjer det naudsynt med omfattande reparasjonsarbeid i Mo kyrkje. Kyrkjeverje Ingeborg Nordlund fortel at råteskade mellom tårn og spir gjer at heile spiret må løftast av med mobilkran og settast i ei ramme på bakken medan arbeidet vert utført. Det er gjort eit førebels sikringsarbeid for å hindre at tårnet ramlar ned.

Det må også gjerast eit storarbeid på taket. Spikaren som held steinane på plass har rusta og heile taket må leggjast på nytt. Her er det og litt råteskadar som må utbe-

trast.

Fundamenteringa under nordskipet i kyrkja må også reparerast og ein vil gjere det når ein har handverkarar på staden.

Kommunen vil betale brorparten av reparasjonsarbeidet, ei stor gåve til kyrkja kjem godt med, men det manglar framleis noko for å finansiere heile prosjektet. Ein vil søkje stat og kommune om midlar. Kyrkjeverja håper at arbeidet med tårn og spir kan starte i april 2009.

Synnøve Bjørndal

## 50-årskonfirmantar i Ranestad kyrkje



1. rekke fra venstre: Inger (Karlstad) Solem, Johanne (Strand) Bøvra, Mary (Ander- sen) Malvik, Ellen (Holten) Nordvik, Marie (Kvendbø) Drøivoldsmo, Berit (Mogstad) Sollid, Bjørg (Andreassen) Halvorsen, Rannei (Sæter) Svalgs, Gerd (Fiske) Paffen.  
 2. rekke fra venstre: Johannes Holten, John Bævre, Lars Bævre, Peder Mogstad, Jon Vullum, Lars Peder Sylte, Karstein Svensli, Einar Bjerkan, Anders Holten.  
 3. rekke fra venstre: Per Sande, Kristian Sæter, Reidar Tjelle.

(Foto: Nathan W Lediard)

## Rindal

### Minnegave

Hjertelig takk for minnegaven til Øvre Rindal kapell som ble gitt i begravelsen til Nils Halgunset. Kirkevergen

### Avgiftsreglement for Rindal sokn, gjeldende fra 01.01.2009:

#### Konfirmantavgift:

Kr. 650,- I tillegg kommer egenandel på leiropphold.

Leie av kirke til konsert mm: Gratis

Leie av kirke til vigsel for utenbygdsboende: Kr. 400,-

#### Festeavgift:

Kr. 75,- pr. år pr. grav.

Begravelse for utenbygdsboende:

Dekning av faktiske utgifter. I tillegg betales festeavgift. Kirkevergen kan gjøre unntak for personer som f.eks. har bodd utenfor kommunen noen år på grunn av institusjonsopphold.

## Surnadal

### Gåve til Mo kyrkje

Kyrkjeverja er svært takksam for ei gåve på kr. 100.000 til Mo kyrkje. Gåva er øymerka arbeidet med kyrkjespiret.

### Mini JUBILATE

starta i haust med korøvingar tysdag etter skoletid i Øye kyrkje. Dette er eit kortilbod for dei på 2. og 3. trinn. Ein flott gjeng møtte opp!! Vi får høyra dei i Ranestad kyrkje på julaften.

### LYSMESSE i Øye kyrkje

Torsdag 11. des.kl.19.30 er det konfirmantane som tek del i gudstenesta med lystenning og tekstlesing og song -/musikkinnslag. Vi ynskjer foreldre/ besteforeldre til årets konfirmantkull spesielt velkomne.

### Vi syng jula inn i Ranestad

3. søndag i advent kl.16.00 er det igjen duka for den tradisjonelle adventskonserteren i Ranestad kyrkje, der dei lokale kor og korps er inviterte til å synge og spele juletonar.

### LYSMESSE - adventskonert i Mo kyrkje

Torsdag 18.des. kl. 19.30 er det lysmesse der konfirmantane deltek med tekstlesing og lystenning. Mo skolekorps og Songkoret Tormod blir med saman med prest Erik Blomstrøm.



# Biskop i Møre - privilegium

«Det er et stort privilegium å få være biskop i Møre bispedømme,» seier Ingeborg Midttømme, som vart vigsla til biskop i Molde 18. september og alt er godt i gang med dei mange oppgåver. Ho seier det er spennande å gjera ting for første gong og stort å vera med på mange flotte møter med menneske i glede og forventning. Ho har også sjølv forventningar til å få vera noko for enkeltmenneske.

«Det er ikke mye jeg får gjort på egen hånd. Menigheten er lokalt, kirka er det som skjer i menighetsråd, gudstjenester og lokalt arbeid. Jeg ønsker å være med og se det, bekrefte det og bidra til det, slik at menneskene kan være stolte av det de gjør. Det er andre sammenhenger enn bispevisitas som er viktig for å bli kjent med menneskene i menighetene, f.eks medarbeiderfester, kirkejubileum og andre sammenkomster som jeg alt har deltatt i,» seier biskopen som har erfaring frå leiarvervet i Presteforeninga, noko ho trur vil vera til nytte i tilsynet med prestar og andre medarbeidarar. - «Jeg lærte mye der som vil være til nytte i stillingen som biskop. Det har også gitt meg et godt bilde av kirken i hele landet. Utfordringene for å drive menighetene er nøye knyttet til presten lokalt og gudstjenesten. På mange områder i samfunnet er det stor tro på sentralisering, men det er et tap å miste det lokale, om det er banken, butikken eller skolen. Kirka er en stor lokal verdi. Det som skjer

i den enkelte menighet er svært verdifullt, å ha et lokalt fellesskap der en kan være sammen med noen.»

Biskop Ingeborg Midttømme er 46 år, den yngste av biskopane og den første kvinnelege biskop i Møre. Ho har vakse opp i Oslo, med aner i Nordland. Ho har familie med to born. Mannen er leiar i ein av Kirkens Bymisjons avdelingar i Oslo. Sjølv har biskopen vakse opp med ein mangslungen og allsidig kyrkjeleg bakgrunn i Misjonssambandet, Sjømannsmisjonen, Skolelaget og Frelsesarmeen, og har også vore engasjert i Misjonsselskapet ved barneforening og leirar. Som ung var ho med i huslydskveldar på Fjellhaug (NLM) og i kor for same organisasjon i Forbunds-salen.

«Men mitt personlige engasjement nå er mest knyttet til Den norske kirke og KFUK/KFUM.»

Ho seier at den kristne trua betyr alt for henne. «Jeg vet ikke hvordan jeg skulle leve uten, det er en del av meg. Hvor skulle jeg hente styrke utenom troen og bønner?»

Biskopen seier ho har vorte godt mottatt, med varme, rausheit og omsorg. Det viser kva kyrkja er, slik ho ynskjer den skal vera, open og inkluderande. «Du er vår biskop, du er vår representant».

Ho tenkjer ikkje så mykje på grupperingar, at nokon kan ha problem med henne som biskop.



Foto: Bjørn Olaf Storhaug

«Men jeg ser jo at for noen kan det være vanskelig å jeg er kvinne. Jeg legger vinn på åpenhet, tydelighet og respekt, og da vil vi finne ut av det med hverandre. Jeg vil ikke trenge meg på, men ønsker også å bli respektert.»

I eit anna intervju har biskopen sagt at ho seier nei til å ordinera homofile som lever i partnerskap, men hvis Bispedømmerådet ynskjer å tilsetja ein homofil samlevande prest som tidlegare er ordinert, vil ho ta godt vare på vedkomande i respekt for to syn i kyrkja.

På vårt spørsmål om kva det betyr i høve til kyrkjelydane, og korleis ho vil ta vare på dei som ut frå Guds ord ikkje kan akseptera homofilt samlevande prestar, seier ho at Bispedømmerådet ikkje vil gå på tvers av soknerådet, men ikkje alle står bak dei som er vald.

«Det gjelder å høre på den smerten, og i dag er prestene organisert slik at de arbeider sammen, slik at det er flere prester som kan utfylle hverandre og avhjelpe denne situasjonen.»

Når det gjeld evt «alternativt tilsyn» for prestar som ikkje vil ha tilsyn av ein biskop som aksepterer samlevande homofile i kyrkjelege stillingar, så gjer biskopen merksam på at dette har vore behandla på bispemøte 7. oktober. (Sak 28)

Alle biskopar tek dette problemet på alvor og vil leggja til rette for å imøtekomme desse lokalt, t.d. med alternativt tilsyn av ein prost.

«Jeg har flotte medarbeidere

som er redd jeg skal løpe for fort,» seier biskop Ingeborg Midttømme, som gler seg til å bli betre kjent i eit prestegjeld ho forbind med ferjer og fjordar og øyar. Det var forgjengaren sitt råd, å bli kjent med folket og bispedømet.

*Einy Rendal Elgsæther*

**Kyrkjeblad for  
Indre Nordmøre**  
Utgjevar:  
**SOKNERÅDA PÅ  
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther  
6645 Todalen  
71 66 02 81

E-post: ole-einy@frisurf.no

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Synnøve Bjørndal  
E-post: synnove.bjorndal@  
rindal.kommune.no

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:

Vullum Design as  
71 66 50 80  
E-post: post@vullumdesign.no  
6657 Rindal

TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS  
72 88 98 00  
7075 Tiller



Ingeborg Midttømme vart vigsla til biskop i Molde domkyrkje 18. september. Foto: Kjell Herskedal, Scanpix.